



Naturvernforbundet i Flora



Sogn og Fjordane Turlag



MTA-plan for Guleslettene vindkraftverk.

Naturvernforbundet sine framlegg til krav frå Flora kommune til MTA-planen

Bakgrunn

Zephyr AS har fått konsesjon til å bygge vindturbinar på Guleslettene nord for Florø. Konsesjonen var basert på ein omfattande konsesjonssøknad som inneheldt lokalisering av turbinar, støyanalyser, visualiseringsanalyser, vurderingar om effekt på plante- og dyreliv, lange seriar med vindmålingar og ei rekke andre analyser. Utbyggingsplanen i konsesjonssøknaden har no vorte skrota og framstår i ettertid som ein fiktiv reklameplakat. I MTA-planen som no er på høyring, kallar dei konsesjonsplanen for «eksempelløsning». Zephyr har no fullstendig endra utforminga av vindkraftverket ved å auke storleiken på turbinane og plassere tyngdepunktet av turbinar langs sørvestsida av planområdet der dei visuelle, økologiske og naturmessige verknadane vert størst, og der plasseringane utgjør størst trugsmål mot drikkevasskjeldene i Flora kommune. Ved å plassere turbinane og all anna infrastruktur akkurat der folk ikkje ønskte dei, har utbygger fullstendig ignorert nær alle innspela dei har motteke frå innbyggjarane i Flora kommune og frå Flora bystyre under konsesjonsprosessen og i ettertid.

At ein utbygger som Zephyr finn ein konsesjonsprosess krevjande og helst ser at den berre skal vere ein skinnprosess som skal gje dei frie tøylar når ein konsesjon er innvilga, må kommunen og NVE slå hardt ned på. Eit slikt forsøk på undergrave ein konsesjonsprosess er arrogant og viser ei forakt for norsk statsforvaltning og demokratiske prosessar som vi ikkje må tillate. Dersom Zephyr får betydeleg gjennomslag for sine nye planar, må saka få etterspel i Stortinget slik at det vert teke grep for å hindre at NVE etablerer ein forvaltningspraksis som bryt med grunnleggjande demokratiske prinsipp, og at det vert sett i gang ein ny, rettviss og seriøs konsesjonsprosess for Guleslettene.

Naturvernforbundet i Flora og våre samarbeidspartnarar (Forum for natur og friluftsliv, DNT Sogn og Fjordane, La naturen leve og Norsk ornitologisk forening) har gjennomgått MTA-planen grundig. Ut frå dette finn de innleiingsvis i dette dokumentet våre framlegg til dei viktigaste hovudkrava vi meiner Flora kommune må stille som ufråvikelege krav til MTA-planen.

Drikkevasskjelder (meir informasjon i vedlegg 1)

Som del av MTA-planen er det presentert ei ROS-analyse for drikkevasskjeldene rundt vindkraftverket. Dette er første gong drikkevassstemaet er handsama heilskapleg i dei 7 åra saka har vart. Utbygger er pålagt å utarbeide eigen plan for drikkevasskjelder som skal godkjennast av Mattilsynet. Dette er ikkje gjort. I Flora kommune er det 2 drikkevasskjelder som blir berørt av vindkraftverket. Begge kjeldene må handsamast likt:

- Sagavassdraget med nedbørsfelt – Florø by si drikkevasskjelde
- Terdalsvassdraget med nedbørsfelt – privat drikkevasskjelde for folk og dyr – eit uberørt vassdrag

Friluftsliv og turisme (vedlegg 2)

Zephyr sitt forslag til MTA med dramatisk endra utbyggingsplanar samanlikna med konsesjonssøknaden vil øydelegge tradisjonelt friluftsliv på Guleslettene. Det vil også i langt sterkare grad enn i konsesjonssøknaden forringe naturopplevingar og jakt utanom grensene for industriområdet. Faren for iskast vil i praksis stenge området for ferdsel frå september til mai grunna typisk kystklima med vekslende temperaturar kring null og store fuktsvingingar som fremjar danning av is på vengene. Tryggleikssoner rundt kvar turbin må minimum vere 350 meter. Lysløypa er plassert i iskastsona til Turbin 1 og vil utgjere fare for ungar og andre som kan verte freista til å gå enno nærare. Grusvegane som skal byggast til kvar turbin vil gå i kupert og til dels bratt terreng. Sidan vegkantane og fyllingsflankane ikkje skal dekkast med grus eller jord, men med grov og skarp sprengstein, vert det svært farefullt å ferdast i industriområdet på sykkel. Vegen må sikrast med rekkverk på utsette punkt. Frå internasjonal forskning er det rimeleg å tru at Florø sin attraktivitet som reisedestinasjon for turistar som søker oppleving av vakre norske landskap vil verte svekka som følge av at industrianlegget vert vesentleg meir

eksponert mot Florø og Årebrot med blinkande lys (dag og natt), støy, auka turbindingensjonar og ei mykje meir visuell plassering av turbinane langs sørvestsida av Guleslettene.

Fugletrekk (vedlegg 3)

Zephyr AS valde eit svensk konsulentselskap som jobbar for å serve vindindustrien i Sverige til å gjere feltundersøkingar. Dei utanlandske observatørane som utførte registreringa brukte lite tid på Guleslettene og rapporten deira er svært mangelfull. Den ber preg av dårleg kjennskap til norsk trekkfugl og låg kompetanse. Det styrkjer ikkje truverdnet i arbeidet deira at dei brukte einseitig informasjon frå ein grunneigar med økonomisk eigeninteresser i vindkraftverket, ikkje har vore i kontakt med norske fagfolk, eller syner til fugleundersøkingar langs Norskekysten. I den føreslegne MTA-planen har Zephyr flytta mange turbinar sørover mot Uradalen og jaktområdet til mykje rovfugl. Vidare har dei dramatisk auka tettleiken av turbinar ved Guleslettene. Vår konklusjon er at fugletrekkanalysane ikkje held fagleg mål og er ueigna til å trekke konklusjonar om kva konsekvensar industrianlegget vil få for trekkande og stadbunden fugl. Dei belyser heller ikkje omsyn til effekten av endringar i turbinhøgde, støy, lyssetting og fortetting av vindturbinar i ei dokumentert trekkroute for gås og storspove. Ei utbygging etter Zephyr sin MTA-plan kan føre til at Noregs vestlegaste og lågast hekkande bestand av fjellrype dør ut. Det er vår konklusjon at fugleundersøkinga er eit brot på konsesjonsvilkår nr 14.

Ufråvikelege krav til MTA etter Naturvernforbundet sitt syn:

Drikkevatn

- Det skal ikkje plasserast turbinar, eller anna infrastruktur i nedbørsfeltet til Sagavassdraget og Terdalsvassdraget.
- Det skal opprettast ei sikringssone på 500 meter rundt grensene til nedslagsfeltet til dei to vassdraga der ein ikkje etablerer infrastruktur. Med infrastruktur meinast: vegar, massetak, trafostasjonar, lagringsplassar, grøfter, lagringsplass for olje, kjemikalier, samt at motorisert aktivitet og all anna aktivitet knytt til vindkraftverket ikkje skal tillatast verken i anleggs- eller driftsfasen.

Friluftsliv og turisme

- Kupjer i Magnhildskaret vert skjerma for vindturbinestøy
- Området ved Akslaskaret vert betre skjerma mot støy-, lys- og vassdragsureining
- Årebrotet, Uradalen og Guleskarlia vert betre verna mot visuell belastning og støy ved at turbinplasseringane vert endra
- Vegskuldrer og fyllingsflanker må dekkast med grus, sand eller jord
- Periodar med fare for iskast må kommuniserast tydeleg. Utbyggjar må i samarbeid med kommunen og friluftslivorganisasjonane lage ein plan for kommunikasjon av fare for iskast.
- Området i nord som utbyggjar seier har for mykje turbulens til vindkraft må tilbakeførast til LNF-området
- Høgda på turbinane må reduserast frå 158 til under 150 meter slik at ein slepp kraftige blinkande kvite varsellys døgnet rundt frå turbinane
- Utbyggjar må ikkje få løyve til å auke OEDs maksimalt tillatne installerte effekt for å få plass til ein ekstra vindturbin slik dei prøvar seg på i MTA-planen.

Fugletrekk

- Ei fagleg forsvarleg analyse av fugl og fugletrekk som tek omsyn til rype, rovfugl og trekkfugl og som kan vere grunnlag for justering av vindturbinplasseringar som reduserer drap på fugl, og som vurderer avbøtande tiltak (turbinplasseringar, fargemerking mm). Analysen må utførast av biologar/forskarar med kjennskap til fugletrekk og fugl i vestnorske fjellmiljø.

Med venleg helsing

Jon Anders Stavang

- Leiar Naturvernforbundet i Flora
- Styremedlem Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Varamedlem landsstyret i Noregs Naturvernforbund